

Årsmelding og rekneskap 2006



Sogn regionråd

Årdal kommune
Lærdal kommune
Aurland kommune
Vik kommune
Luster kommune
Sogndal kommune
Leikanger kommune
Balestrand kommune

Mars 2007

Årsmelding og rekneskap blei handsama på møte i Sogn regionråd 27. april 2007.
Årsmelding er revidert i samsvar med vedtak i møtet.

Rekneskapen er revidert som ein del av rekneskapen til Sogndal kommune.
Oppsettet i årsmelding og rekneskap 2006 har ikkje hatt eigen revisjon.

Sogndal,

Olav Lunden
Leiar

Norunn Haugen
spesialkonsulent

INNHALD 3

1	SOGN REGIONRÅD	5
1.1	MØTER OG DELTAKING	5
1.2	RÅDMANNSGRUPPA	6
1.3	REKNESKAP- ØKONOMISK RESULTAT	6
2	AKTIVITETAR I 2006	7
2.1	REKRUTTERING	7
2.1.1	TRAINEEPROSJEKTET	7
2.1.2	SKULEUTVIKLINGSPROSJEKTET	7
2.1.3	SMÅBRUKPROSJEKTET	8
2.2	UNGDOM	8
2.2.1	KURS	8
2.2.2	"UNG TIL UNG FORMIDLING"	9
2.2.3	INFORMASJONSARBEID	9
2.2.4	HYBELUNGDOM	9
2.2.5	AKTIVITETSPLAN	9
2.3	REISELIV	9
2.3.1	TILSKOT	9
2.3.2	REISELIVSTRATEGI	9
2.4	IKT OG MODERNISERING	9
2.4.1	BREIBANDUTBYGGING	10
2.4.2	IKT - STRATEGI	10
2.4.3	IKT HELSENETTVERK	10
2.4.4	IKT SKULENETTVERK	10
2.4.5	IKT SAMLING	10
2.5	NÆRINGSUTVIKLING OG INNOVASJON	10
2.5.1	PROGRAM FOR MIKROVERKSEMDER	11
2.5.2	KOMMUNAL NÆRINGSUTVIKLING	11
2.6	AD HOC UTVAL KNYTT TIL HELSE OG FLYPLASS/VEG/SAMFERDSLE	11
2.6.1	HELSEGRUPPA	11
2.6.2	FLYPLASSGRUPPA	11
2.6.3	RUP GRUPPA	11
2.7	SKULE	12
2.7.1	"SATS PÅ SKULEN – SNU SOGN!"	12
2.7.2	FELLES TEMADAG FOR FORMANNSKAPA	12
2.8	GIS	12
2.8.1	FASE II AV PROSJEKTET KOMMUNALE TENESTEPORTALAR	12
2.8.2	ROS ANALYSE MED VISUALISERING PÅ INTERNETT	13
2.9	BARNEVERN	13
2.8.3	FORPROSJEKT	13
3	ANDRE SAKER ELLER AKTIVITET	13
3.1.1	ORIENTERINGAR OG GJESTEFOREDRA	13

3.1.2	UTTALER	14
3.1.3	INFORMASJONSARBEID	14

VEDLEGG 2:	REKNESKAP	16
-------------------	------------------	-----------

1 Sogn regionråd

Sogn regionråd er ein interkommunal samanslutnad etter kommunelova § 27 der åtte kommunar i Sogn er eigarane. I 2006 var desse kommunane med i Sogn regionråd: Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd er leia av eit råd der ordførarane i eigarkommunane er faste medlemmar. Regionrådet si samansetjing i 2006 var:

Leikanger kommune, Olav Lunden (leiar)
Balestrand kommune, Erland Fagermoen (nestleiar)
Lærdal kommune, Knut O. Aarethun
Sogndal kommune, Karen Marie Hjelmseter
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid
Aurland kommune, Olav Ellingsen
Luster kommune, Torodd Urnes
Vik kommune, Erik Lidal

Sogn regionråd har hatt eige sekretariat med spesialkonsulent tilsett i fast stilling. Stillinga er formelt lagt til administrasjonen i Sogndal kommune under eininga fag og utvikling. Norunn Haugen er tilsett i stillinga. Ny avtale med Sogndal kommune er gyldig til 2010.

Sekretariatet har hatt omlag ei slik disponering av tid:

- Sekretær Sogn regionråd 40%
- Sekretær rådmannsgruppa 10%
- Regionalt utviklingsarbeid, prosjekt og representasjon 50%

1.1 Møter og deltaking

Sogn regionråd hadde sju møter i 2006:

- 27. januar, Årdal/Årdalstangen
- 3. mars, Luster/Gaupne
- 5. mai, Vik
- 23.juni, Sogndal
- 1. september, Leikanger
- 20. oktober, Sogndal/Kaupanger
- 8. desember, Sogndal

Det vart handsama 31 saker i løpet av året.

Møtet 20. oktober var ein felles temadag om skule. Alle formannskapa, rådmenn og representantar frå skuleleiinga var invitert. 63 personar deltok. Temadagen vart arrangert på Vesterland på Kaupanger (Sjå vedlegg 1 for kopi av program).

1.2 Rådmannsgruppa

Rådmannsutvalet har vore leia av Nils Geir Myrkaskog, rådmann i Vik kommune. Rådmannsutvalet leverer eiga årsmelding.

1.3 Rekneskap- økonomisk resultat

Rekneskapet har ikkje hatt eigen revisjon for 2006, men revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune. Detaljar i rekneskapen er lagt ved som vedlegg 2.

Rekneskapet er gjort opp med eit overskot på kr 0,20.

Sogn regionråd fekk totalt tilført kr 8.829.114,74 i 2006. Av desse utgjer kontingent og refusjon frå kommunar kr 4.517.938,-. Det er brukt kr 1.950.120,70 av bundne midlar.

Sogn regionråd er tilført kr 2.361.056 i eksterne midlar i 2006.

Netto tilført eigenkapital er kr 1.711.369,27.

2 Aktivitetar i 2006

Sogn regionråd vedtok på møtet 20.mai 2005 "Regionalplan for Sogn". Planen skisserer mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i perioden 2005-2008. Seks kategoriar infrastruktur, næringsutvikling, bruk og vern, kompetanse og forskning, teneste og service og trivsel og tryggleik er skildra i regionalplanen. Sogn regionråd har hatt ei eiga RUP gruppe leia av ordførar i Vik kommune som saman med ekstern konsulent har utarbeidd planen.

Handlingsplan vedteken i Sogn regionråd 27. november 2005 skisserer desse satsingsområda for 2006:

1. "Rekruttering"
2. Ungdom
3. Reiseliv
4. IKT og modernisering
5. Næringsutvikling og innovasjon
6. Adhoc-utval for saker knytt til helse og samferdsle/veg/flyplass.

I tillegg blei det frå arbeidsgruppa for RUP og rådmannsgruppa tilrådd skuleutvikling som eit satsingsområde. I løpet av 2006 er fase II i GIS prosjektet og fase II i barnevernsprosjektet sett i gang. Sogn regionråd har vore representert i fylkessamarbeidet IT-forum og delteke i fellessatsing på breibandutbygging.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samsvar med partnerskapsavtala levert IKT tenester til sjølvkost.

Prioriteringane i handlingsplan var grunnlaget for samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt. Sogn regionråd har hatt ein slik aktivitet innanfor desse satsingsområda i 2006:

2.1 Rekruttering

2.1.1 Traineeprosjektet

Sogn regionråd har gjeve tilskot på kr 10.000,- til traineeprosjektet i Sogn og Fjordane: "Nettportal for rekruttering til Sogn og Fjordane." Portalen skal vere eit verktøy for arbeidsgjevarar og arbeidstakarar i fylket. Regionrådet trur at nettportalen kan vere eit verkemiddel for å marknadsføre regionen som bu- og arbeidsmarknad. Prosjektet har fått tilskot frå fylkeskommunen og fylkesmann.

2.1.2 Skuleutviklingsprosjektet

Rekruttering har vore eit viktig tema i fleire drøftingar og til dømes i planlegging av skuleprosjektet. Ein planlagt aktivitet for programstyret i 2007 er arbeid med "strategisk plan for rekruttering til regionen". Særleg rekruttering som informasjon om yrkesval og yrkesmogelegheiter skal vere eit fokus i denne delen av arbeidet til programstyret.

2.1.3 Småbrukprosjektet

I mai 2006 kom det eit innspel frå Balestrand kommune om å etablere eit "småbrukprosjekt" i regionen. Bakgrunn for innspelet er at kommunen slit med negativ folketalsutvikling og ynskjer å setje i verk tiltak som kan bidra til å snu denne utviklinga. Balestrand kommune meiner at småbruk som i dag står tomme i kommunen er attraktive buplassar for tilflyttarar. Sogn regionråd vedtok at ein skulle sjå nærmare på korleis eit småbrukprosjekt kunne gjennomførast for fleire kommunar. Erfaringar frå gardsformidlingsprosjekt i Telemark og Luster er viktige referansar i planlegginga.

Administrasjonen har starta planlegging av prosjektet. Det er laga ei prosjektskisse som er drøfta i møte med fleire av kommunane. Det er brei semje om at prosjektet må ha tre delmål/strategiar for å stimulere til auka busetjing på ledige gardsbruk i regionen.

- Medvite/aktiv bruk av kommunale verkemiddel for å stabilisere busetjing/oppfølging av vedtak
- Framlegg til felles retningslinjer for utøving av skjønn i handheving av buplikta
- Motivere eigarar av ledige gardsbruk til å vurdere sal av eigedommen

Bonde- og småbrukarlaget og Bondelaget er invitert til å delta i dei vidare drøftingane.

2.2 Ungdom

I 2006 vart det etablert eit nettverk av ungdomsarbeidarar i regionen. Nettverket har eigen aktivitetsplan for 2006-2008, planen er forankra på rådmannsnivå. Nettverket disponerer kr 180.000,- av regionale utviklingsmidlar i planperioden. I 2006 har nettverket hatt faste møter om lag anna kvar månad. Elin Reinås, ungdomsleiar i Sogndal kommune har vore leiar for nettverket i 2006.

Ungdomsnettverket er ein arena for erfaringsutveksling mellom ungdomsarbeidarar og utvikling av samarbeid mellom kommunane.

Ubrukte midlar som nettverket disponerer er avsett til fond.

2.2.1 Kurs

I oktober gjennomførte nettverket eit felles kurs for 30 ungdomsarbeidarar i regionen. Tema for kurset var "ungdom og medverknad" og "voksenrolle og verdiar". Kurshaldar var Anders Nesström frå Ung og fritid, Landsforeining for fritidsklubbar og ungdomshus. Kurset vart arrangert i Årdal.

2.2.2 "Ung til ung formidling"

Nettverket har gjennomført ei kartlegging av "ung til ung formidling i kommunane". Danseverkstad og DJ-kurs er døme på aktivitetar der ungdom samarbeider på tvers av kommunegrensene.

2.2.3 Informasjonsarbeid

Frå våren 2007 får alle 10.klasser med foreldre tilbod om eit informasjonsmøte om "livet på hybelstaden". Informasjonsmøtet skal vere eit samarbeid mellom politi, helsesystem, vertskommune for aktuelle vidaregåande skular (Sogndal, Luster og Årdal).

2.2.4 Hybelungdom

Situasjonen for ungdom som bur på hybel har vore eit tema i fokus. Nettverket har arrangert fellesmøte med miljøkoordinator på vidaregåande skular, barnevern og helsesystem for å drøfte tiltak i høve til hybelungdom.

2.2.5 Aktivitetsplan

Aktivitetsplan er lagt ut på Sogn regionråd sine heimesider:

[http://www.sogn.regionraad.no/sogn/sogndal/sognreg.nsf/Attachments/Aktivitetsplan+2006-2008.pdf/\\$FILE/Aktivitetsplan+2006-2008.pdf](http://www.sogn.regionraad.no/sogn/sogndal/sognreg.nsf/Attachments/Aktivitetsplan+2006-2008.pdf/$FILE/Aktivitetsplan+2006-2008.pdf)

2.3 Reiseliv

2.3.1 Tilskot

Sogn regionråd løyvde 200.000 kroner til felles marknadsføring av reiseliv i regionen gjennom Visit Sognefjord. I tillegg er det prioritert kr 60.000,- til marknadsføring av Geoturisme, kr 40.000,- til utvikling av opplegg for guidar og kr 100.000,- til eit samarbeidsprosjekt med Høgskulen.

Sogn regionråd vedtok på møtet 8. desember å vere med på eit spleiselag for å føre vidare "The Fjords" prosjektet i 2007. Sogn regionråd bidreg med kr 100.000,-.

Midlane er avsett på fond.

2.3.2 Reiselivsstrategi

I løpet av hausten 2006 har Sogn regionråd i samråd med Visit Sognefjord og Høgskulen i Sogn og Fjordane starta planlegging av eit dialogmøte om reiseliv. Målet med møtet er å utfordre viktige aktørar innan reiselivet i regionen i høve til strategisk reiselivsplanlegging.

2.4 IKT og modernisering

Sogn regionråd hadde til og med 3. mars IKT prosjektleiar tilsett i 100% stilling. Etter 3. mars er IKT funksjonen i Sogn regionråd ivareteken av sekretariatet og rådmannsutvalet.

Ubrukte midlar som var avsett til IKT i budsjettet for 2006 er avsett til fond.

2.4.1 Breibandutbygging

Leiar i rådmannsutvalet har representert regionrådet mellom anna i Breibandforum. Regionrådet har delteke i felles breibandsutbyggingsprosjekt i regi av IT-forum. Sogn regionråd gjennomførte i august 2006 innkjøpskonkurranse for levering av fiber til bygdelag utan kommersielt utbygde breibandsnett. Utbygginga er finansiert med tilskot frå Høykom, DAAD – midlar og ein kommunal eigendel.

Neste fase i utbygginga er bygdelag som ligg for langt frå ein telefonsentral til å få tilgang til fibernet. Fellessøknad frå breibandforum blei sendt i desember.

2.4.2 IKT - strategi

Det vart i mars 2006 sett ned ei arbeidsgruppe som hadde mandat for å lage ein strategi for handtering av IKT i Sogn regionråd. I IKT strategien vert det tilrådd ei deling av IKT funksjonen i regionen. Det vert vidare tilrådd at det vert etablert ei IKT faggruppe som skal ta seg av saker som vedkjem IKT i Sogn regionråd. Dette kan vere problemstillingar knytt til kommunenett, handtering av kontrakter og søknader.

Det er sendt invitasjon til ÅLAV, Nordsida og SFFK om å delta i IKT faggruppe.

2.4.3 IKT Helsenettverk

Sogn regionråd har delteke i eit helsenettverk under IT Forum. Nettverket arbeider særleg med modernisering knytt til samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Gunnar Steine, Leikanger kommune har vore Sogn regionråd sin representant i nettverket.

2.4.4 IKT Skulenettverk

Sogn regionråd har delteke i eit skulenettverk under IT Forum. Sture Furre, Luster kommune har vore Sogn regionråd sin representant i nettverket. Nettverket ynskjer å tilby alle skular ein fylkesdekkande digital læringsplattform.

2.4.5 IKT Samling

Administrasjonen i Sogn regionråd tok initiativ til eit regional IKT samling 1. juni for å drøfte aktuelle tema knytt til IKT funksjonen i Sogn regionråd.

2.5 Næringsutvikling og innovasjon

Sogn regionråd har i 2006 prioritert prosjektet "Program for mikroverksemdar" under satsingsområdet næringsutvikling.

2.5.1 Program for mikroverksemder

Prosjektet har som målsetjing og bidra til å betre lønnsemd i og vidareutvikle små verksemder. Sandane Næringshage og Leikanger Næringshage er prosjektleiarar. Prosjektet har tidlegare vore gjennomført i Nordfjord tidlegare og har støtte frå Innovasjon Noreg.

I Sogn deltek desse verksemdene i prosjektet i 2006/07: Sognefjord Hotell, Leikanger, Johnnie Jacobsen Design, Vik, Vik IT-partner, Vik Trafokjøtt og Jostedal Hotell.

Prosjektet er eit døme på kompetanseoverføring mellom regionar. Sogn regionråd har brukt kr 200.000,- på prosjektet.

2.5.2 Kommunal næringsutvikling

Sogn regionråd deltek i prosjektgruppa eit fylkeskommunalt prosjekt "kommunal næringsutvikling". Harald Mundal, næringsrådgjevar i Lærdal kommune har vore Sogn regionråd sin representant i prosjektgruppa.

2.6 Ad hoc utval knytt til helse og flyplass/veg/samferdsle

Sogn regionråd har hatt tre ad hoc utval i 2006: Helsegruppe, flyplassgruppe og RUP gruppe.

2.6.1 Helsegruppa

Helsegruppa har vore leia av ordførar Knut O. Aarehun. Helsegruppa har arbeid med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta og lokalsjukehus i 2006. Torodd Urnes har representert kommunane i strategigruppe for Lærdal sjukehus.

Helsegruppa har gjeve fleire uttaler i 2006 (Jf. Liste over uttaler under kapitel 3).

2.6.2 Flyplassgruppa

Flyplassgruppa har vore leia av ordførar i Sogndal, Karen Marie Hjelmseter.

Sogn regionråd saman med fylkeskommunen har bidrege med totalt 8 millionar kroner til oppgradering av flyplassen på Haukåsen. I 2006 har mykje av dei fysiske utbetringane ved flyplassen blitt ferdigstilt.

Flyplassgruppa har elles arbeidd for tilbringartilbod frå Årdal/Lærdal. Etter ein prøveperiode er no flybusstilbodet frå Årdal/Lærdal nedlagt på grunn av låge passasjertal.

2.6.3 RUP gruppa

RUP gruppa har vore leia av ordførar i Vik, Erik Lidal. RUP gruppa har hatt eit ansvar for koordinering og planlegging av regionale utviklingstiltak i samsvar med handlingsplan for 2006 og partnerskapsavtale med SFFK.

2.7 Skule

I mars sette rådmannsutvalet ned ei gruppe som skulle arbeide med å konkretisere eit samarbeidsprosjekt om skuleutvikling.

2.7.1 "Sats på skulen – snu Sogn!"

"Sats på skulen – snu Sogn!" er eit 6-årig program for skuleutvikling i Sogn. Utviklingsprogrammet er politisk forankra i alle åtte deltakarkommunane. Overordna målsetjing for programmet er:

"Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen"

"Sats på skulen – snu Sogn" er først og fremst eit kompetansehevingsprosjekt. Prosjektet har ei målsetjing om å stimulere med tiltak på fleire nivå frå skuleeigar og skuleleiar til lærar og elev.

Det skal gjennomførast tre delprogram i prosjektet:

- Kompetanseutvikling for skuleleiarane
- Kommunen som skuleeigar – sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga
- Fagnettverk

Eit programstyre skal ha ansvar for koordinering og det skal tilsetjast ein prosjektleiar som har ansvar for gjennomføring av utviklingsprogrammet.

2.7.2 Felles temadag for formannskapa

20. oktober var "Skule" tema på fellesmøtet mellom formannskapa i Sogn regionråd. 63 personar deltok.

2.8 GIS

Det har vore gjennomført to delprosjekt i GIS. Prosjekta fekk tilskot frå fylkesmann i 2006.

2.8.1 Fase II av prosjektet kommunale tenesteportalar

Vik kommune var pilotkommune i prosjektet.

Prosjektet har hatt fleire delaktivitetar:

- utarbeiding av nye temakart og mal for nye temakart
- utvikling av digitalt planarkiv
- opplæring av GIS medarbeidarar

Metoden frå prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar.

2.8.2 ROS analyse med visualisering på Internett

Årdal kommune har vore pilotkommune i prosjektet.

Prosjektet har hatt desse delaktivitetane:

- visualisere skredsikringstiltak på Internett
- symbolbruk

Årdal kommune har brukt studentar frå Høgskulen i Gjøvik til å gjennomføre registreringsarbeidet.

Metoden for prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar.

2.9 Barnevern

Fase II av Barnevernprosjektet er sett i gang. Aurland, Lærdal, Vik, Luster, Leikanger, Balestrand og Sogndal er med i prosjektet. Det er tilsett prosjektleder frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektet er finansiert gjennom av kommunal eigendel og tilskot frå fylkesmann.

2.8.3 Forprosjekt

Fase II av Barnevernprosjektet er eit forprosjekt der ein skal sjå på korleis konkret etablering av eit interkommunalt barnevernsteam i Sogn bør skje. I forprosjektet skal kompetanse, arbeidsoppgåve, kostnader og gevinstar vurderast. Forprosjektet skal gje grunnlag for politisk handsaming i deltakarkommunane vedkommande oppretting av eit interkommunalt barnevernsteam.

Forprosjektet skal vere avslutta 1. april 2007.

3 Andre saker eller aktivitet

Sogn regionråd har handsama fleire saker ad hoc, gitt fleire uttaler. Ei oversikt over slike saker blir presentert nedanfor.

3.1.1 Orienteringar og gjesteforedrag

- Visit Sognefjord, styreleder Arne Glenn Flåten
- SognLab AS, generalforsamling
- SF Revisjon IKS, dagleg leiar og styreleder
- "Stiftinga veteranskibslaget Stavenes" ved Hallstein Ese
- Tall Ships' race 2008, ved Helge Hjelle, Vågsøy kommune
- SINTEF, sluttrapportering Detox prosjektet
- Fylkesmann i Sogn og Fjordane, Oddvar Flæte
- Fylkesmann i Rogaland, Tora Aasland
- SFFK, Lars Hustveit

- Fylkesgeolog, Bjørn Falck Russenes
- SIMAS, representantskapsmøte

Sogn regionråd har vore på synfaring ved Paxar NTP i Gaupne.

3.1.2 Uttaler

- Vedrørende redningshelikopterbase i Florø, 13.02.06
- Fødetilbodet i Indre Sogn, 28.04.06
- Strategi for lokalsjukehuset Lærdal 2006-2020, 04.05.06
- Omstilling Bioforsk, 08.05.06
- Fråsegn frå Sogn regionråd om speleautomatar, 28.06.06
- D/S Stavenes, eit regionalt kulturminne, 22.06.06
- Fråsegn i høve etablering av forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv, 22.06.06
- Pressemelding frå regionråda vedkommande samhandling med Helse Førde, 27.06.06
- Høyringsnotat – Nasjonal helseplan 2007-2010, 30.06.06
- Turisttrafikken på Sognefjorden, 22.08.06
- Sogn regionråd krev vedtak i Helse Førde omgjort, 22.08.06

Alle uttaler ligg ved årsmelding (vedlegg 3).

3.1.3 Informasjonsarbeid

Sogn regionråd har marknadsført seg med gjennom ei heilside i Helsenytt – ei gratis avis som gjekk ut til alle husstandar i fylket våren 2006.

Norunn Haugen, 28.03.07

Vedlegg 1: Dagsorden 20.oktober

**Fellesmøte mellom formannskapa i Sogn regionråd 20. oktober
2006**

Målgruppe:	Lokalpolitikarar i kommunen, skulefagleg ansvareg, rådmann og eventuelt representantar frå skuleleiarane.
Tid:	09:00-15:00

Stad: *Vesterland, Kaupanger*

09:00-09:15 Registrering av deltakarar

09:15-09:30 Opning ved leiar i Sogn regionråd Olav Lunden

09:30-10:15 **Tema 1: "Dei gode skuleeigarane"**

- "Kommunen sine utfordringar som skuleeigar" ved Anne F. Midtbø, KS Sogn og Fjordane
- "Lokalpolitikarane og skuleeigarrolla" ved Hans Seierstad, ordførar i Østre Toten

10:15-10:30 Beinstrekk; kaffi med "klassisk mellommåltid"

10:30-12:45 **Tema 2: "Skulen si rolle i samfunnsutviklinga"**

- Innlegg: "Skulen og samfunnsutviklinga" ved Dr. polit Wiggo Hustad, Eduviva
- Gruppediskusjonar –tema og opplegg vert presentert på møtet.

12:45-13:45 Lunsj og framhald diskusjon

13:45-15:00 **Tema 3: "Skuleutvikling i Sogn"**

- Presentasjon av programsliste: "Sats på skulen –snu Sogn" ved rådmann Vidar Roseth
- Sett frå rektor sin ståstad, Ingunn Marie Myren, rektor ved Leikanger ungdomskule.

Velkommen!

Vedlegg 2: Rekneskap

Inntekter 2006

Tilskot SFFK	-1337000,00
Tilskot stat/andre	-1024056,00
Kontingent kommunar	-1648000,00
Refusjon kommunar (prosjekt)	-2869938,04
Bruk av bundne fond	-1950120,70
Sum tilførte midlar	-8829114,74

Utgifter 2006

Drift sekretariat/prosjekt	4720624,97
Tilskot andre	446999,80
Sum utgifter	5167624,77

Avsetting bunde driftsfond	3661489,97
Resultat 2006	-0,20

Merknad c)

Sjå oversikt over eigenkapital/fond Sogn regionråd

Eigenkapital/Fond Sogn regionråd

Fond	Namn på fond	Saldo pr 01.01.2006
25101400	Div. prosjekt	-9514,12
25101401	Ungdom	-399847,50
25101402	Reiseliv	-200000,00
25101403	GIS	-50000,00
25101404	Barnevern	-605094,14
25101405	Flyplass	-2473545,50
25101406	Blåskjel	-58000,00
25101410	Kontingent	-130171,88
25101420	IKT	0,00
	Sum egenkapital	-3926173,14

	Endr. i egenkapital	01.01-31.12.2006
	Bruk av bundne fond	-1950120,70
	Avsetjing bundne fond	3661489,97
	Sum endr. egenkapital	-1 711 369,27

Fond	Namn på fond	Saldo pr 31.12.2006
25101400	Div. prosjekt	0,00
25101401	Ungdom	-250 421,30
25101402	Reiseliv	-172 000,00
25101403	GIS	0,00
25101404	Barnevern	-188 684,12
25101405	Flyplass	-3 985 795,50
25101406	Blåskjel	0,00
25101407	Skule	-460 766,89
25101410	Kontingent	-256 191,04
25101420	IKT	-323 683,56
	Sum egenkapital	-5 637 542,41

Detaljar om utgifter og inntekter

Divspes	Konto (T)	Beløp	Rev. budsjett	Rest/ Overskr.
	LØN FASTE STILLINGAR	334 061,55	435 000,00	100 938,45
	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	52 034,51	65 112,00	13 077,49
	PENSJONSPREMIE - KLP	47 301,12	71 262,00	23 960,88
	KOPIERINGSUTGIFTER - PAPIR/ TONER	207,00	0,00	-207,00
	ABONNEMENTER	2 705,00	2 500,00	-205,00
	FAGLITTERATUR	1 602,00	2 500,00	898,00
	SERVERING	1 478,07	0,00	-1 478,07
	TELEFON OG TELEFAX, ABB. OG SAMTALE	6 948,11	0,00	-6 948,11
	MOBILTELEFON, ABB. OG SAMTALE, PERSONSØKER	7 079,16	12 000,00	4 920,84
	ANDRE ANNONSER	8 760,00	10 000,00	1 240,00
	REPRESENTASJON OG MØTEUTGIFTER	669,00	10 000,00	9 331,00
	KURS OG KONFERANSER	21 459,00	25 000,00	3 541,00
	BILGODTGJØRELSE	18 267,00	0,00	-18 267,00
	OPPGAVEPL. UTGIFTER, DIETT OG NATTILLEGG	685,00	0,00	-685,00
	IKKE OPPGAVEPL. GODTGJØRELSE OG REISEUTG.	10 214,00	0,00	-10 214,00
	REISEUTGIFTER	-2 634,00	30 000,00	32 634,00
	TELEFONGODTGJERELSER/ TJENESTETELEFON	2 342,00	0,00	-2 342,00
	LEIEAVGIFT PARKERINGSPLASSER	2 000,00	0,00	-2 000,00
	DATABEHANDLING, DRIFT/ VEDLIKEHOLD	375,00	10 000,00	9 625,00
	ANDRE SERVICEAVTALER	400,00	0,00	-400,00
	DATAUTSTYR/ PROGRAMVARE	0,00	11 000,00	11 000,00
	INTERNE OVERFØRINGER	210 603,00	120 000,00	-90 603,00
	DIVERSE BETALING FOR TENESTER	17 500,00	0,00	-17 500,00
	MEIRVERDI AVGIFT	4 653,55	0,00	-4 653,55
	MORARENTER	342,00	0,00	-342,00
	STATSREFUSJONER	-10 316,00	0,00	10 316,00
	KOMPENSASJON MVA	-4 653,55	0,00	4 653,55
	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	2 500,00	-763 000,00	-765 500,00
	REFUSJONER FRA ANDRE (PRIVATE)	-7 500,00	0,00	7 500,00
	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND (DRIFT)	-729 082,52	0,00	729 082,52
	Resultat drift sekretariat	0,00	41 374,00	41 374,00
140	FAGLITTERATUR	65,00	0,00	-65,00
140	GAVER VED REPRESENTASJON	10 110,00	0,00	-10 110,00
140	KURS OG KONFERANSER	700,00	0,00	-700,00
140	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	802 125,00	0,00	-802 125,00
140	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-813 000,00	0,00	813 000,00
140	Resultat kontingent	0,00	0,00	0,00
141	DATABEHANDLING, DRIFT/ VEDLIKEHOLD	654 067,00	0,00	-654 067,00
141	DATABEHANDLING, PROGRAMLISENSER	3 468,00	0,00	-3 468,00
141	DIVERSE BETALING FOR TENESTER	613 000,00	0,00	-613 000,00
141	MEIRVERDI AVGIFT	867,00	0,00	-867,00
141	KOMPENSASJON MVA	-867,00	0,00	867,00
141	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-1 267 066,00	0,00	1 267 066,00
141	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND (DRIFT)	-3 469,00	0,00	3 469,00
141	Resultat kommunenett	0,00	0,00	0,00
142	DIVERSE BETALING FOR TENESTER	48 000,00	0,00	-48 000,00
142	MEIRVERDI AVGIFT	12 000,00	0,00	-12 000,00
142	TILSKOT TIL PRIVATE	239 999,80	200 000,00	-39 999,80
142	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	72 000,00	0,00	-72 000,00
142	KOMPENSASJON MVA	-12 000,00	0,00	12 000,00
142	REFUSJONER FRA FYLKESKOMMUNER	-100 000,00	0,00	100 000,00
142	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-200 000,00	-200 000,00	0,00
142	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND (DRIFT)	-60 000,00	0,00	60 000,00

142	Resultat reiseliv	-0,20	0,00	0,20
143	TILSKOT TIL PRIVATE	58 000,00	0,00	-58 000,00
143	BRUK AV BUNDE DRIFTSFOND (DRIFT)	-58 000,00	0,00	58 000,00
143	Resultat blåskjel	0,00	0,00	0,00
145	KONSULENTHONORAR	0,00	50 000,00	50 000,00
145	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	110 000,00	0,00	-110 000,00
145	REFUSJONER FRA FYLKESKOMMUNER	-110 000,00	0,00	110 000,00
145	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	0,00	-50 000,00	-50 000,00
145	Resultat RUP	0,00	0,00	0,00
146	LØN FASTE STILLINGAR	71 821,48	50 000,00	-21 821,48
146	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	10 912,71	35 000,00	24 087,29
146	PENSJONSPREMIE - KLP	5 450,72	25 000,00	19 549,28
146	ABONNEMENTER	1 000,00	0,00	-1 000,00
146	KJØP AV MAT	784,00	0,00	-784,00
146	SERVERING	3 443,50	0,00	-3 443,50
146	MOBILTELEFON, ABB. OG SAMTALE, PERSONSØKER	5 132,03	19 000,00	13 867,97
146	REPRESENTASJON OG MØTEUTGIFTER	0,00	15 000,00	15 000,00
146	KURS OG KONFERANSER	0,00	10 000,00	10 000,00
146	BILGODTGJØRELSE	5 394,00	0,00	-5 394,00
146	OPPGAVEPL. UTGIFTER, DIETT OG NATTILLEGG	1 120,00	0,00	-1 120,00
146	IKKE OPPGAVEPL. GODTGJØRELSER OG REISEUTG.	1 328,00	0,00	-1 328,00
146	REISEUTGIFTER	0,00	30 000,00	30 000,00
146	INTERNE OVERFØRINGER	19 480,00	116 000,00	96 520,00
146	DIVERSE BETALING FOR TENESTER	450,00	0,00	-450,00
146	TILSKOT SOGN REGIONRÅD	0,00	0,00	0,00
146	MEIRVERDIAVGIFT	1 283,01	0,00	-1 283,01
146	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	323 683,56	0,00	-323 683,56
146	KOMPENSASJON MVA	-1 283,01	0,00	1 283,01
146	REFUSJONER FRA FYLKESKOMMUNER	-150 000,00	0,00	150 000,00
146	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-300 000,00	-300 000,00	0,00
146	Resultat IKT prosjekt	0,00	0,00	0,00
151	KJØP AV MAT	500,00	0,00	-500,00
151	SERVERING	4 073,90	0,00	-4 073,90
151	KURS OG KONFERANSER	11 021,30	0,00	-11 021,30
151	KONSULENTHONORAR	13 831,00	50 000,00	36 169,00
151	MEIRVERDIAVGIFT	183,70	0,00	-183,70
151	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	50 573,80	0,00	-50 573,80
151	KOMPENSASJON MVA	-183,70	0,00	183,70
151	REFUSJONER FRA FYLKESKOMMUNER	-40 000,00	0,00	40 000,00
151	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-40 000,00	-50 000,00	-10 000,00
151	Resultat ungdom	0,00	0,00	0,00
152	SERVERING	29 126,87	75 000,00	45 873,13
152	VELFERDSTILTAK/ ARRANGEMENTER - ANDRE	798,00	0,00	-798,00
152	GAVER VED REPRESENTASJON	17 205,00	5 000,00	-12 205,00
152	KURS OG KONFERANSER	3 200,00	0,00	-3 200,00
152	UTGIFTER TIL FORELESERE/ KURSHOLDERE	2 216,00	0,00	-2 216,00
152	IKKE OPPGAVEPL. GODTGJØRELSER OG REISEUTG.	320,00	0,00	-320,00
152	REISEUTGIFTER	8 777,00	20 000,00	11 223,00
152	HUSLEIGE	8 425,93	0,00	-8 425,93
152	KONTORUTSTYR	657,60	0,00	-657,60
152	MEIRVERDIAVGIFT	882,47	0,00	-882,47
152	ANDRE PENSJONSUTGIFTER	3 811,00	0,00	-3 811,00
152	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	27 962,60	0,00	-27 962,60
152	KOMPENSASJON MVA	-882,47	0,00	882,47
152	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-102 500,00	-100 000,00	2 500,00
152	Resultat drift Sogn regionråd	0,00	0,00	0,00
153	SERVERING	3 599,47	35 000,00	31 400,53

153	KURS OG KONFERANSER	12 862,41	0,00	-12 862,41
153	MEIRVERDIAVGIFT	592,59	0,00	-592,59
153	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	18 538,12	0,00	-18 538,12
153	KOMPENSASJON MVA	-592,59	0,00	592,59
153	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-35 000,00	-35 000,00	0,00
153	Resultat drift rådmannsgruppa	0,00	0,00	0,00
154	SERVERING	1 462,70	0,00	-1 462,70
154	KURS OG KONFERANSER	30 646,50	0,00	-30 646,50
154	DATABEHANDLING, DRIFT/ VEDLIKEHOLD	97 290,00	0,00	-97 290,00
154	DATAUTSTYR/ PROGRAMVARE	152,00	0,00	-152,00
154	DIVERSE BETALING FOR TENESTER	235 000,00	0,00	-235 000,00
154	BETALING TIL ANDRE KOMMUNAR	900 000,00	0,00	-900 000,00
154	MEIRVERDIAVGIFT	4 001,95	0,00	-4 001,95
154	KOMPENSASJON MVA	-4 001,95	0,00	4 001,95
154	REFUSJONER FRA FYLKESKOMMUNER	-787 000,00	0,00	787 000,00
154	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	350 517,96	0,00	-350 517,96
154	ANDRE STATSTILSKUDD	-750 000,00	0,00	750 000,00
154	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND (DRIFT)	-78 069,16	0,00	78 069,16
154	Resultat GIS	0,00	0,00	0,00
155	KONSULENTHONORAR	72 650,00	0,00	-72 650,00
155	BETALING TIL ANDRE KOMMUNAR	600 000,02	0,00	-600 000,02
155	MEIRVERDIAVGIFT	18 162,50	0,00	-18 162,50
155	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	183 590,00	0,00	-183 590,00
155	KOMPENSASJON MVA	-18 162,50	0,00	18 162,50
155	REFUSJONER FRA ANDRE (PRIVATE)	-131 240,00	0,00	131 240,00
155	ANDRE STATSTILSKUDD	-125 000,00	0,00	125 000,00
155	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND (DRIFT)	-600 000,02	0,00	600 000,02
155	Resultat Barnevern	0,00	0,00	0,00
156	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	1 512 250,00	0,00	-1 512 250,00
156	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-1 512 250,00	0,00	1 512 250,00
156	Resultat flyplass	0,00	0,00	0,00
157	KONSULENTHONORAR	0,00	50 000,00	50 000,00
157	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	100 000,00	0,00	-100 000,00
157	REFUSJONER FRA FYLKESKOMMUNER	-50 000,00	0,00	50 000,00
157	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-50 000,00	-50 000,00	0,00
157	Resultat rekruttering	0,00	0,00	0,00
158	KONSULENTHONORAR	272 500,00	100 000,00	-172 500,00
158	MEIRVERDIAVGIFT	105 375,00	0,00	-105 375,00
158	TILSKOT TIL PRIVATE	149 000,00	0,00	-149 000,00
158	KOMPENSASJON MVA	-105 375,00	0,00	105 375,00
158	REFUSJONER FRA FYLKESKOMMUNER	-100 000,00	0,00	100 000,00
158	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-100 000,00	-100 000,00	0,00
158	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND (DRIFT)	-221 500,00	0,00	221 500,00
158	Resultat Næringsutvikling	0,00	0,00	0,00
159	SERVERING	77,30	0,00	-77,30
159	KONSULENTHONORAR	109 670,00	0,00	-109 670,00
159	BETALING TIL ANDRE KOMMUNAR	80 625,81	0,00	-80 625,81
159	MEIRVERDIAVGIFT	22 500,00	0,00	-22 500,00
159	AVSETNING BUNDET DRIFTSFOND	460 766,89	0,00	-460 766,89
159	KOMPENSASJON MVA	-22 500,00	0,00	22 500,00
159	REFUSJON ANDRE KOMMUNER	-110 000,00	0,00	110 000,00
159	OVERFØRINGER FRA KOMMUNER	-341 140,00	0,00	341 140,00
159	BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND (DRIFT)	-200 000,00	0,00	200 000,00
159	Resultat skule	0,00	0,00	0,00
	Resultat 2006	-0,20	41 374,00	41 374,20